



Nora og Florian stortrivs i Uskedalen

Uskedalen var representert berre med 2 då tilflyttarsamling nummer 4 vart avvikla i Kulturhuset på Husnes i kveld. Men som så ofte gav tala eit misvisande bilete for bygda er godt plassert i tilflyttartoppen. I det aktuelle tidsrommet leia naturleg nok Husnes som hadde hatt 72 tilflyttarar og Sunde låg på andreplassen med 48. Men så kom Rosendal, Valen og Uskedalen med 34, 32 og 33.

Dette gode tiltaket i kommunal regi har så langt hatt varierende oppslutnad. I kveld møtte det 60 av 350 inviterte og det tilsvara tala også dei første åra. Men i fjor kom det så mange som 100 utan at tilskiparane kan peika på nokon grunn korkje til det høge talet eller det låge året etter.

I alle høve fekk dei nye kvinnheringane inntrykk av at ordførar Synnøve var ærleg då ho gav uttrykk for at kommunen set stor pris på tilflyttarane. Ho leia også i år festen og slapp til fleire som snakka varmt om tilbodet på ymse felt og i tillegg kom fleire kulturaktørar av høg klasse. Serveringa heldt også i høgaste grad mål.

Dei 2 som var åleine om å representera Uskedalen var paret Nora Prørock (32) og Florian Johannes Richards (29) som kom til Noreg i fjor frå den tyske delstaten Nordrhein-Westfalen. Dei snakkar perfekt norsk, men då hadde dei da også vore her mange gonger før dei flytta.

I starten budde dei på Valen, men den nedslitne systerheimen var lite å satsa på og difor flytta dei til Uskedalen der dei bor oppå SPAR og stortrivs.

- Men kvifor Uskedalen, ville vi veta.

- Fordi vi tykte det var så fint der, var svaret.

Florian jobber på poliklinikken ved sjukehuset medan ho er oversettar.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Tilflyttarane vart rikeleg traktert